


Tidsbarometeret Jonas Lie



Årets namn i bokhausten er Jonas Lie, seier Eystein Eggen.

LARS AARØNAES

Hanna Kvanmo, Lars Oftedahl eller Arve Johnsen. Men den hata politimester Lie i Nasjonal Samling (NS). Alias mellomkrigstidas populærforfatter Max Mauser.

Historikar og skribent Eystein Eggens står saman med meg framfor nytt-hylla i Tanums bokhandel i Oslo. Eggens peikar høgt og lågt. Der. Og der og der. Krigsbøker. Memoarar. Minne frå folk som var med. Diktning frå folk som ikkje var det. 40 nye bøker har funne vegnet til hylla i haust. Sjeldan har det vore så mange. Ein professor i Bergen har rekna ut at det til no er kome ut over 1000 norske bind som minnestrå 1940-45 — det vil seie eit snitt på 22 i året. Framleis tek vinnarane si heroiske historie og liding mest plass. Men no med innsmett av bøker som ber om balanse. Guri Hjeltnes (*«Avisoppgjøret»*, Aschehoug) pirkar i fleire fedrelandskjære norske aviser anno 1990. Under krigen tente dei seg rike på det norske naziregimet. Aftenposten var ein av dei. Dei hadde fredsvåren med solide plusser i kreneskapsen. Bøka står saman med Randi Bratteli si. Ho har skrive om burna som blei fødde under krigen. På rett og gal side.

Eystein Eggens er ikkje tyskarbarn. Han er noko endå verre. Han blei fødd av norske foreldre på Gimle, Bygdøy, i 1944.

— Berre ein mann har fått to biografiar: Jonas Lie.

Eggens plukkar fram.

Sverre Rødders *«Min ære er troskap»* på Aschehoug, Willy Dahls *«Max Mauser — men Jonas Lie. En studie i dikt og live»*. Kjell Fjørtofts *«Ulvetiden»* på Gyldendal. Med fyldige statat frå Lie.

— La oss seie at det blitt to og ei halv bok på Lie i haust. Ingen slår den!

Gimle var Quislings hovudkvarter. Eystein Eggens fekk nederlaget i voggegåve. Faren, soldat på norsk side i Narvik-kampane. Gjekk sidan over i tysk teneste — likt Lie. Han blei tilsett som redaktør i SS *Leitheft* — organet for militærdivisjon Viking. Mora var av gammal lensmannsslekt frå Sør-Trøndelag. Ho arbeidde i NS sitt kvinnsekretariat saman med Olga Bjoner, ho som mange år før hadde bygd opp det norske Bondkvinnelaget. Eggens fortel at hans oppvekst ofte kjendest «som å drukne i rådhusfontenen i Oslo 17. mai».

— Det var ill nok å vere barn i Tyskland, som soner og døtrer av Tyskane. Men der var alle det, og dei tør meir og meir å snakke og skrive om lagnaden sin. I Norge fantse begge delar. Farebels er eg ein av dei frå få mi side som har tort å stå fram med namn.

Ingen kan velje sine eigne foreldre. Eggens far trekte seg inn i seg sjølv og ut av verda med alkoholen til hjelpe. Mora gjekk mentalt overende. Guten måtte tidleg ta på seg skulda for noko han aldri hadde sett.

Han seier det han fekk vitt om tidlegare Dag og Tid-redaktør Asgeir Olden var tilande. I Olden si bok *«Fodd skuldig»* (Samlaget 1989) stod berre eit av dei intervjuene «NS-barna» fram under fullt namn. Men mange i hennar situasjon kontakt forfattaren etterpå. Derimot var det ingen som ringde eller

FORSTÅ: Forståing avlyser fordomming i bøkene om Noreg og den andre verdskriga. Og bokflauen aukar. I år har NS-politimesteren Jonas Lie fått to og ei halvt av dei over 40 nye binda om krigen, seier Eystein Eggen — som er kritisk til valutastyrtre norske «forsidingsstendars» andsynes det nye Tyskland. (Foto Lars Aarønes)

skreiv til ho som hadde tort å la namnet stå på trykk. Fråvaret av horisontal kontakt mellom krigsbarna frå den «gale sida» er totalt. Kvar ber si eiga bør åleine.

Samtundes med dette ramlar samlinga av Tyskland over oss alle. Eggens kjänner seg fullstendig døgnvill. I press og bøker byrjar mange brått å «forsstå». Bakom syn D-marken, Europas mektigaste valuta.

— Historia gjentek seg. Noreg har alltid følgd naboen med den sterkeste valutaen. Pund, dollar. I dag mark.

Kvar kjem Jonas Lie/Max Mauser inn i dette bildet? Opp av sin svarte koffert hentar Eystein Eggens fram ein fotokopi frå Magne Skodvins bokverk av 1947, *«Norges krig»*. Skodvin fortel om ein Lie som «kunne vere grusom på den kalde matter-of-fact-måten som er mera umenneskelig enn noe annet. Somme tider rørtes også skumlere krefter i ham. Da kunne han nytte andre menneskers li-

deise. Den som en gang skal tegne hans karakter, må også ta psykiatrien til hjelp».

— I år er det altså laga to Lie-biografier. Eg har lese begge, og eg synest Jonas Lie kjem svart heldig frå det. Han verkar som ein kjekk og reinhard gutt i desse bøkene. Lie er eit barometer på ei haldningsendring.

Egen utdypar: — Det sameinte Tyskland er blitt eit folk på 80 millionar. Dei krev si eiga historie tilbake. Også Hitler-tida. Som ringar i vatn spreier behovet seg for meir nyanserte framstillingar av Tyskland, krigen og dei involverte på alle frontar.

Dette århundre Tyskland var meir enn nazismen. Eggens spår at norsk TV innan åtte år vil lage ein romantiske rapportasje om Noregavene framfor alle, den storyske imperietenkjaren keisar Vilhelm den andre (1859-1941). Vilhelm var det utanlandske statsoverhovud som har gjort mest stas på vest-

landsfjordane. Eggens reviderer påstanden: Det tek kanskje berre åtte månader før keisaren dukkar opp på skjermen.

Om nokre år dukkar ei bok med Eystein Eggens krigs- og fredsversjon opp, lover han. Sist han stod på portrett-plass i Dag og Tid, var for 13 år sidan. Han forvarste då tidlegare medlemer av Nasjonal Samling og hevdta at dei ei gentleg ikkje var nazistar, men bygde norske folk som blei ført bak lyset av tysk åttrekjenslepropaganda og ødelanderromantikk. Han sa at bændene hadde sympati for Tyskland fordi jordbruksinteressene i landet stod så sterkt. Og at rassismen som voksnar fram i Tyskland før krigsutbrotet, var borgarskapet sitt verk. Sterk kost.

Sitat frå intervjuet, slik det blei fjort i pennen av Kjetil Tandstad:

NS var i denne tida (30-dra) eit uttrykk for den typiske europeiske fascismen, som var storborgarane som rusta seg mot arbeidarane. Eit godt døme er

ein mann som Johan B. Hjort, ein reint fascistisk ideolog som mellom anna vilte fjerna Quisling fordi han ikkje var nazistisk nok. Han tilhørte dei kinsnar som trena opp kvite gardar for å slåss mot streikande arbeidarar. Men under krigen følgde han resen av borgarskapet og kom ut på rett side. Kvar vart dei av alle desse som i tredregra firebude privat krig mot arbeidarane? Dei vart redda av dei var engelskvenlege, og dermed greidde dei seg. Medan mange norske bønder og bygdefolks som etter 1940 og etter å ha kjempa mot tyskarane hadde blitt med i NS fordi dei mente at denne organisasjonen ville ta vare på dei tradisjonane dei trudde på, vart hardi straffa etter krigen. Ein ting er å tape ein krig på grunn av romantisk gammalmannskjerleik til dei rykte kisenaren. Ein annan ting er å bli tilslag alle slags skumle motiv som var rikare repert på den andre sida. Denne situasjonen, der dei som stod for dei mest nasjonale tradisjonane bråt fann seg i selskap med okkupantane, hadde ein sydeleggjande verknad på heile norskdoms- og bonderandsle. (...) Det vi seier i vår offisielle historieskriving, er at tradisjon som er knytt til handelsinteresser aldri kan bli fascistisk. Det er som å seie at berre ein held seg vest for Shetland så er ein garantert demokrat. (DT 22. mars 1977).

— Eg vil seie nest det same i dag, seier Eystein Eggen.

— Som tidlegare tillitsvald i Noregs Milles og Senterpartiet har eg samstundes sett korleis etterkrigstida har påført oss eit underleg forhold til vår eiga nasjonalkjendisse. Tuset var gamle ting blei mistenkelegjorde etter krigen. Pa 50-talet føreslo Arbeidarpartiets kulturprogram å opprette bygdetunet. Det lille ordet allein var så ille at partiet blei skulda for å ville ha «bygdefascisme!» Senterpartiet tar knapt legge ordet «nasjonal» på tunga, men druknar seg i subdisfull og eigne næringsinteresser. I 1980 var det typisk at den norske staten feira 75-års jubileum sitt på ein svært stilte måte.

— Så er det kanskje lagen groboin for norsk nasjonalisme?

— I så fall er det like greitt å legge ned heile butikken, og seie at årets krigsbokhusa er ein del av tilpassinga til den indre marknaden. Ved invasjonen i 1940 trang Tyskland 8000 mann — mot 120 000 norske soldatar. I dag treng dei vel 80. Den norske krona blei knytt til D-marken i haust. For første gong har eg hørt at utanlandsstoga på Oslo Sentralstasjon blir ropte opp også på tysk, og tyskarane nytta no Noreg som vilmålsrådet med Derrick som den fremste turisten. Vil vi ikke vedlikeinne oss vår eigenart i denne situasjonen, får vi gjøre som i Hansatida: bli overvart.

Eller for å la Eggens 1977 snakke for Eggens 1990 om den naudsynte, nasjonale sjøvinismen i Noreg: Vi har ein innmigrantskultur her i landet som er blitt stausberande kultur, meir eller mindre. Opphavet til denne kulturen er agentar for utanlandsk kapital som ville slå seg opp her i landet. Det farleg er at ein hamnar i idear om at ein har ein elite som har rett til å styre over folk, og at ein får den oppfatninga at landet er ein skoeplass for eigne interesser. Vi må lave å definere vår eigen nasjonale tradisjon. Det gjeld alle.